

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/23	Heradsstyret	PS	22.02.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/175

Andre saker/spørsmål

Vedlegg:

Nedlegging av minibank i Lonevåg

Heradsstyret - 016/23

HS - behandling:

Ordføraren ønskja at heradsstyret tok opp følgjande sak til handsaming: Nedlegging av minibank i Lonevåg. Vedtak i saka vert i så fall formidla vidare av ordføraren til Sparebanken Vest.

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

Kim Andre Hartveit, FRP, hadde slik oppmoding: kontaktinformasjon til heimetenesta må vere lettare tilgjengeleg på heimesida.

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slik spørsmål: Eg kjenner ikkje igjen summane som rådmannen opplyste om i saka om busslomma på Valestrand og eg kan ikkje finne dei nokre stader.

Rådmannen ga slikt svar: Dei 16 millionane som er lagt inn i vårt inversteringsbudsjett er kommunen sin andel og det har kome fram i sakane om budsjett. For kommunen sin del er det ikkje meir enn det som er nødvendig å ta stilling til. Kjem det eit kostnadsauke på meir enn 10% vert det lagt fram ny sak for heradsstyret. Når det gjeldt årsak til dei store beløpa i dette arbeidet vil eg presisera at busslomma ikkje er eit altomfattande begrep, men det vert kalla det for å forenkle kva det gjeldt og kor. Arbeidet som skal gjerast gjeldt eigentleg heile avkøyrings- og trafikkløysinga opp til skulen, ny parkering, ny busslomma m.v.

HS - vedtak:

Osterøy heradsstyre vil på det sterkaste oppmoda Sparebanken Vest til å oppretthalde tilbodet med minibank og nattsafe i Lonevåg.

Saksopplysningar:

